


Kontaktblad for  
Nr. 53      Juni 2022

# HJARTDAL HISTORIELAG



*Klassisk nordisk historielitteratur  
Les i      Trebindsverk om husmannsplassane  
blådet:      Frå avisar for 100 år sidan  
                  Halvor Kleppen om ballongferda  
                  Kraftverk på Omnes*

# Ny gratis husmannsplassbok til medlemmene!

## Eit trebindsverk om husmannsplassane er nesten slutført



Den tredje boka blir  
presentert til hausten

Årbokarbeidet kom i 2020 til eit vendepunkt. Vi hadde klart å gje ut ti årbøker på ti år som er, om vi skal seie det sjølv, ein prestasjon. Eit mål var nådd.

Årbøker i akkurat samme form vil det antageleg ikkje bli i framtida, men lokalhistoriske bøker frå historielaget vil halde fram, men i mindre faste former.

Det kan det eine året bli ei temabok som husmannsplassbøkene, eller eit anna år ei bok med fleire lokalhisto- riske artiklar slik årbøkene har vore.

Vi gjev ut boka om husmannsplass-

sane i Hjartdal i år. Medlemmene får denne boka, som er mykje større enn ei årbok, som gratisbok dekt av årskontingenten.

Nå sit vi altså snart med eit trebinds verk om husmannsplassane i hjartdalsbygdene. Dette har vore eit langvarig prosjekt i historielaget, og er eit resultat av enkeltpersonars initiativ, entusiasme og arbeidslyst, gjennomført med historielagets praktiske og moralske støtte.

Det starta som ein ide frå Torkel Hytta i 2012. Han har sagt seinare

at han eigentleg berre ville undersøke og skrive litt omkring plassane i grendene rundt der han var godt kjent, dvs "Ødemark" og plassane elles opp mot Lifjell. Men da fleire i laget tende på ideen, blei det snart til at det måtte bli ei bok om plassane i heile Sauland.

Torkel kom til å føre mesteparten av den første boka i pennen, men etterkvart kom Audun Solberg mykje inn i bildet, og med ein god del interesse og arkeologisk kunnskap blei han ei drivkraft i det vidare arbeidet både med undersøking, skriving og fotografering av gamle tomter og rester av plassane.

Alt tidleg såg vi at det låg til rette for eit liknande arbeid i dei andre bygdene, og snart var Torkjell Tjønn i gang med å leite opp plassar og samle inn stoff i Tuddal.

Eit møte vart også halde med nokre hjartdølar om eit liknande prosjekt der. Dette blei det førebels mindre av, men noko arbeid blei gjort her også.

Etterkvart som det hopa seg opp mengder av stoff og planlegginga av utforminga av saulandsboka var i gang, såg ein snart at det reiste seg mange spørsmål om korleis dette skulle gripast tak i. Da datamaskinane skulle ta over alt det innsamla stoffet, såg ein snart at det kravdest mykje systematikk og strukturtenking.

Bygdas inndeling i gardar og grender måtte vere eit utgangspunkt, gards- og bruksnummer var sentrale data og la grunnlaget for ordninga av plassane. Og kartarbeid med

gps-koordinatar til alle plassane måtte vere eit hovudarbeid i prosjektet.

Etterkvart sat vi med ein database i eit regneark som besto av enkeldata, bildetekster og bildelinkar – nærmare 3000 enkeltopplysningar om dei nesten 200 husmannsplassane i Sauland. Dette skulle samordnast med ei skriven tekst til kvar plass. I tillegg skulle det skrivast forord, generell innleiing, innhaldslistar, alfabetisk register mv. Og det skulle lagast kart med navn på mange plassar som kanskje ikkje var brukt på fleire generasjoner.

Saulandsboka var ferdig og blei presentert i 2019. Deretter var Torkjell Tjønn og Audun Solberg straks i gang med å lage tuddalsboka over same lest. Denne var klar til presentasjon hausten 2021.

Same haust tok Audun tak i det som var gjort i Hjartdal, og med hjelp frå ein del lokalkjende var han i gang med tilsvarande bokprosjekt derifrå. Alt nå på våren 2022 er denne boka på det nærmaste ferdig.

Det er eit stort arbeid å ferdigstille ei slik bok. Ikkje minst korrekturlesinga er svært tidkrevande. Torkild H Mosebø, Torgunn Opsal og Svein Bakkalia har lagt ned mange arbeidstimar med dette. Leif Skoje står som vanleg bak mykje redigeringsarbeid, data tekniske løysingar og grafisk utforming.

Historielaget skuldar også å seie takk til Roar Borgerås for hjelp med eigedomssopplysningar, og Johannes Jamtveit for lynoplæring i kartarbeid på pc. Begge i Hjartdal kommune.

# Tidleg kraftverk mellom Sud-Skoje og Upp-Omnes

Tekst og foto: Audun Solberg

I Kaldbekkdalen på Sud-Skoje har det vore «industri» over lang tid. Alt på 1200-talet var det smie her.


Der Kaldbekken renn ut i Hjartdøla er det ein liten foss, vel 10 meter høg. Ovanfor fossen laga Ole G. Hafsten på Upp-Omnes ein reguleringssdam. I nedkant av fossen, heilt nede ved elva, var turbinen plassert i eit lite hus, og det gjekk rør frå dammen til turbinen. Slik kunne han

produsere straum, nok til 4-5 lyspærer på garden. Men vatnet måtte sparast på, og i dammen var det ei luke dei kunne opne med å dra i ein lang vaier som gjekk heilt bort til garden. Slik slapp dei å gå bort i bekken når dei skulle slå på straumen.

Vi veit ikkje sikkert kor lenge kraftverket var i bruk, men truleg ein 20 årsperiode frå omlag 1910.



*Reguleringsdammen er noko øydelagt, men vi ser ein metallkonstruksjon som blei bruka til å feste vaieren som gjekk opp til huset.*



*Nede ved elva var turbinen plassert i eit lite hus, og det gjekk rør frå dammen til turbinen. Til venstre i bildet, ved elva, ser vi steinfundamentet der turbinen stod.*

# Gamle ferdelsvegar i Kulturmiljøplanen

Arbeidet med Kulturmiljøplanen for Hjartdal er nå godt i gang. Etter at kommunestyret sitt vedtak av planprogram i mai 2021, blei det nedsatt ei arbeidsgruppe til den praktiske gjennomføringa. Her er det med deltakarar frå administrasjonen og lokale lag og foreiningar, samt politisk representasjon. Prosjektleiar er Hans Jørgen Aase. Historielaget har med tre deltakarar, Ingunn Hovde, Audun Solberg og Svein Bakkalia.

Etter oppstartmøtet for arbeidsgruppa i juni, har gruppa vore samla to gonger, eitt møte i august og eitt møte i mars denne vinteren. Det er planlagt åpne møter i alle tre bygdene når utkastet til plan er klart. Tidspunkt for desse møta og når Kulturmiljøplanen kan takast opp til behandling i kommunestyret er ikkje fastsett.

Historielaget har ansvar for gamle ferdelsvegar i planen. Kulturmiljøplanen har stått på historielagets arbeidsplaner heilt sidan 2012 og vi prioriterer dette arbeidet høgt. Stort sett konsentrerer vi oss om dei viktigaste gamle vegane.

Slik vi ser det er det snakk om hovudvegen mellom Sauland og


Hjartdal som viser seg å vere ei svært gammal ferdelsveg mellom Austlandet og nordmannaslepene over til Vestlandet. Og det er den gamle vegen mellom Sauland og Tuddal.

Det er videre snakk om dei eldste gang- kløv og ridevegane: Slettefjell-vegen mellom Sauland og Seljord, Åsvegen mellom Tuddal og Gransherad-dalen, den gamle fjellvegen mellom Tuddal og Tinn, den gamle Bondalsvegen, Prestevegen mellom Hjartdal og Tuddal og Bispevegen mellom Hjartdal og Svartdal. I tillegg kjem buvegane i fjellet i alle tre bygdene.

I vedlegg er det planlagt eit omfattande kart- og bildemateriale over vegane i tillegg til ei tiltaksliste til handlingsplanen. Arbeidet er omfattande og det vil ikkje vere muleg å få kartlagt alt nå, saman med alle kulturminna langs desse vegane. Mykje må inn i handlingsplanen i Kulturmiljøplanen.

Utkastet til ferdelsvegane er ikkje ferdig, men vi har kome langt og vi ser fram til innspel frå historielagets medlemar og frå bygdefolk når den tid kjem.





## Møte med Halvor Kleppen og ei fantastisk ballongferd

Tysdag kveld den 3. mai 2022 besøkte Halvor Kleppen Hjartdal historielag på Menighetshuset i Sauland. Han hadde tatt med seg boka si om ei ballongferd frå Paris i november 1870 og som enda i eit tre oppunder Astridnatten på vestsida av Lifjell.

I boka, «*Dei kom i lufti!* Ballongen 1870», fortel han den utrulege historia om ei bemanna ballongferd sendt opp frå ein beleira hovudstad under den fransk-tyske krigen. Ballongen *Ville d'Orléans*, med franskmennene Rolier og Bezier, blei tatt av vinden og frakta nordover på ei dramatisk

ferd over Nordsjøen og innover det sørlege Norge.

Eit godt besøkt møte fekk høre om to tunnkledde franskmenn som kom seg ut av korga ovanfor garden Strand. Etter ei strabasiøs baksing i djup snø møtte dei to Harald og Klas Strand på skogsarbeid. Ballongen for videre og havarete i Krødsherad.

Turen tilbake til Frankrike blei ei triumfferd med hurrarop og jubel og fest i Frimurerlosjens store sal i Christiania. Her var det 900 tilstades, og Bjørnstjerne Bjørnson var hovudtalar.





Tone Anne Tveiten

Og det var gode grunnar til jubelen. Det var til da den lengste bemanna luftferda i verden og den fyrste over Norge. Ferda markerte også starten på luftposten her i landet. Dei hadde med seg tusensvis av brev.

Halvor Kleppen er kjent for dei fleste. Han er journalist og forfatter, har vore programleder i NRK og skrive eit stort antal bøker. Vi fekk høyre mange gode rispur frå ein foredragshaldar som kan det med å fortelje ei god historie med humør.

Ein av våre unge hardingfelespelarar, Tone Anne Tveiten, stod for slåttespelet denne kvelden. Ho har bruka tida godt og hatt ei fin utvikling i spelet sitt sidan ho sist besøkte historielaget for nokre år sidan. Det er fint at det finst ungdom som Tone Anne som fører speltradisjonen videre.

Og så var det sjølvsagt kaffi og kakur å få som det alltid er på eit arrangement i historielaget. Det er viktig å ta vare på praten rundt bordet.

## Arkivarbeidet er godt igang

Historielaget har hatt arkivering av lokalhistorisk stoff på programmet i mange år.

Etter fleire år med litt til og frå, organiserte vi arkiveringa i eit eige prosjekt i 2014.

Lokalhistorisk arkiv er planlagt med eit dokumentarkiv, eit fotoarkiv, eit

lyd og filmarkiv pluss ei boksamling. Det er ei målsetting at materialet skal digitaliserast etterkvart.

Arkivgruppa er i år nyorganisert med 6 faste personar som nå er godt i gang med grovsortering av fotoarkivet. Arkivet ser meir ryddig ut nå, men mykje arbeid står att.

Torkjell Tjønn, Tone Stuvrud, Leif Skoje, Torkel Hytta, Torgunn Opsal og Svein Bakkalia er med i gruppa

som møtest fast ein gong i månaden.



## I avisa for 100 år sidan

### Hjartdølen som kom på rangelen

En hjartdøl som i nogen dage har oppholdt seg paa Notodden kom forleden paa rangel og havnet i en ølkjelder. Her blev det drukket en del og hjartdølen fald straks i søvn.

Da han vaagnet gjaldt hans første tanke lommeboken, som indeholdt mellem 15 a 16000 kroner. Han fandt det mistænkelig at lommeboken befandt sig i jakkelommen, da han i aldmindelighet pleiet at ha den i inderlommen paa vesten. Ved eftersyn viste det sig at 1400 kroner var forsvundet fra boken. Han meldte saken til politiet som straks satte sig i bevægelse for at knipe tyven.

Mistanken rettedes sig mot en bestemt person og denne blev sent tirsdag kveld fakket oppe i Heddal.

*Teledølen 12.mai 1922*

### Bilkjøringi i Hjartdal.

Kvassare kontrol med ædruska-pen millom chaufførane

I siste heradstyremøtet i Hjartdal laag fyre søknad fraa I.S.Holst paa vegne av Rjukanoverføringi um løyve til aa køyra med motorvogner paa Tuddalsvegen fram til Reisja.

Einr. vedtak: Søknaden vert å etterkoma, men under fyresetnad at der vert køyrt til same tid som rutebilane. Med det same vil heradstyret krevja at der blir brukta innanbygds folk ved arbeidet paa Rjukanoverføringi.

– Søknad fraa Ingeniør Rolfsen um lov til aa køyra nokre gonger i sumar med bil nr.230 i og utanum rutetidi.

Søknaden blir aa etterkoma.

– Søknad frå Gjermund H. Tjønn um lov til aa køyra paa vegane i fast rute, og ein og annan gong også utanum rutetidi.

---- Stuverud trudde det no med alle desse bilane kom til aa gå vilt. Det vert som fyrr ikkje halde noko rute, so ein kann ikkje vera sikker for aa møta ein bil nokon gong. Moen trudde ein maatte gjeva lov, naar dei fylgde ruta. Asland meinte ein kunde ikkje negta ein fraa Tuddal når ein gav lov til andre.

-- Ordf.: Nei, men berre i fast rute. Eg fekk ikkje lov til aa køyre dei faa gongerne til Tuddal anna eg maatte fylja rutetidi ein veg.

Waale var slett ikkje sikker um fylket vilde hava fleire bilar paa vegen her no.

Kaasa: Køyrer dei berre so fint som lastebilen til Tuddal no og so fyljer ruta, so er det ikkje faarlegt med ein bil meir eller mindre.

– Løyve vart so gjeve samrøystes naar han køyrde i fast rute.

– Søknad fraa Gunnulf Rue og Olav Hagen um lov til aa køyra med ein Ford drochebil sumaren 1922 helst utan fast rute.

Lesarane av denne spalten i fjorårets kontaktblad lurer kanskje på korleis det gjekk med framdrifta av byggearbeidet på ungdomshuset i Hjartdal som blei etterlyst i eit lesarinlegg i Teledølen.

22.desember året etter sto det ein notis i samme avis om at byggearbeidet var i gang, så noko har skjedd.

Saka om at det kunne bli landbrukskule for fjellbygdene på Tjønnås i Sauland blei dessverre ikkje løyst til vår fordel. Som dei fleste veit, var det Foldsæ i Fyresdal som fekk denne skulen som har vore i drift heilt til i seinare år.

– Denne søknaden vert aa etterkomma naar dei berre køyrer i rutetidi.

Kaasa: Daa der no vert so mange bilar paa den smale, svingute Tuddalsvegen vil me faa eit vedtak fraa heradstyret um køyringi, serleg naar me no hører um alle ulukkane som hender ikring. Eg hev tenkt noko soleis: Daa det stadig vert meir og meir køyring med bil og motorcykel paa Tuddalsvegen maa det paa aller strengaste tilsegjas førerane at køyrefarten (20 km) vert nøgje halden, at dei er serleg varsame i dei skarpe svingane og brukar signalhornet jamt. Publikum maa syrgja nøgje for at førerar som ikkje er ædruie i tenesta eller paa annan måte bryt reglane vert melde, so ulukkor kann avhjelpast so mykje råd er. Alle som køyrer bil eller motorcykel paa Tuddalsvegen vert gjort kjende med dette vedtak.


Dette vart samr. vedteke.

Teledølen 1.juni 1922

**Glemark**

Nytt ungdomshus i Hjartdal.  
Hjartdal ungdomslag hev no byrja med byggjingi av ungdomshus. Byggjarbeidet er bursett til byggmeister Halvor Aaseen for 4800 kr., det skal daa vera fullt ferdig. Ungdomshuset fær ein fin, central plass paa eigedomen aat gardbruksar Tor Marken. Med i byggjenemdi er Kristian K. Sersland, Olav J. Haatveit, Hans M. Flatland og Ola Svalastog.

# Lesetips: Klassisk nordisk historie



Historielaget har etterkvart ei fin boksamling som medlemmene gjerne må bruke meir. Det meste som er utgitt av lokalhistorisk stoff er tilgjengeleg i tillegg til ein del generelle historiske bøker.

Den nye praktutgaven av *Fløybok*, som blei presentert av mellom andre illustratør/kunstnar/vikingekspert Anders Kvaale Rue på årsmøtet i 2016 kjøpte vi inn for eit par år sidan. Dette sette i gang ei interesse for å skaffe meir av slike grunnleggande nordiske kjeldeskrifter.

Snorres *Heimskringla* har vi sjølv sagt. Denne treng ikkje meir presentasjon.

Vi har også kjøpt inn det nyutgjevne storverket til Tormod Torfæus – *Historia Rerum Norvegicarum. Norges Historie I – VII*. Torfeus var ein islandsk historieskrivar på 16-1700-ta-

let som gjorde mykje for å berge gamle manuskript frå middelalderen, og omsette fleire eldre islandske tekster til dansk. Denne nyutgåva er på moderne norsk.

Nå i det siste har vi gjennom ulike antikvariat skaffa oss meir:

*Fagerskinna* tar for seg kongane frå Halvdan Svarte til Erling Magnusson og kan samanliknast med *Heimskringla*. Ho er litt mindre og litt meir jordnær – mindre mytisk – enn Snorre.

*Saxos Danmarks historie* er eit omfangsrikt verk på lett leseleg moderne dansk. Den danske forfattaren Saxo med tilnamnet Grammaticus legg vekt på den førhistoriske mytiske historia, men også middelalderkongane frå same tidsrom som i dei før nemne verka. Interessant er at språket her er i europeisk/latinsk tradisjon i motsetnad til *Fagerskinna* og *Heimskringlas* særmerkte norrøn/islandske stil.

Olaus Magnus' *Historia om de nordiska folken* frå 1555 er Sveriges store klassiske verk. Bøkene er ei gjennomillustrert skildring av levevis, skikkar, naturtilhøve og raritetar. Verket blei omsett til fleire språk og var lenge den viktigaste kjelda til kunnskap om Norden.

*Edda* er primærkjelda til den nordiske mytologien og skaldetradisjonen. Vår utgåve består av *Den eldre Edda* og *Den yngre Edda*, som begge er skrivne på Island på 1200-tallet. Ein del av dei eldre kvada som er inkludert, kan ha opphav fleire århundre før nedskrivinga. Snorre har mykje av æra for at dette er tilgjengeleg i dag.

# Referat frå årsmøtet i Hjartdal historielag

## 1.mars 2022

Møtet var på Sauland Menighetshus og det var 35 frammøtte.  
Svein Bakkalia ønskte alle velkommen.

### 1. Innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste blei godkjent.

### 2. Valg av møteleiar og referent

Svein Bakkalia blei valgt til møteleiar og Torkjell Tjønn til referent.

### 3. Årsmelding 2021

Sekretær Torkjell Tjønn las årsmeldinga som blei godkjent med nokre tilleggskommentarar:

På lanseringsmøtet for husmannsplass boka for Tuddal var det 55 frammøtte personar. Under punktet Mølla-ny bruk har det NIA-leia prosjektet ei varigheit på 2 år, ikkje 4 år. Og til punktet Økonomisk støtte var det fleire kritiske kommentarar til at Hjartdalbanken er lite rause med å gje støtte til historielaget.

### 4. Rekneskap 2021

Kasserar Torkild H Mosebø gjekk gjennom rekneskapen som blei godkjent.

### 5. Budsjett 2022

Kasseraren la fram forslag til nytt budsjett som blei godkjent.

### 6. Valg:

Torgunn Opsal la fram valgnemndas innstilling.

Desse blei valgt til styremedlemmer: Audun Solberg for 2 år, Torkild H. Mosebø for 2 år, han erstattar Gunvald Tho, Ole G. Rue for 2 år, han erstattar Audun Darrud, Torgunn Oppsal for 1

år, ho erstattar Ingunn Hovde. Varamedlemmer til styret: Olav Langåsdalen for 2 år, han erstattar Atle Våle, Tone Stuvrud for 1 år, ho erstattar Torkild H Mosebø.

Valgkomite: Gunvor Prestårhushus for 2 år, ho erstattar Torgunn Opsal, Audun Darrud for 1 år, han erstattar Tone Stuvrud.

Revisor: Gunvor Prestårhushus for 2 år, ho erstattar Torkjell Sletta.

Styret for 2022 med varamedlemmer og valgkomite blir da slik:

Leiar: Svein Bakkalia 1 år

Styremedlemmer:

Audun Solberg 2 år

Torkild H Mosebø 2 år

Ole G Rue 2 år

Torkjell Tjønn 1 år

Torgunn Opsal 1 år

Varamedlemmer:

Olav Langåsdalen 2 år

Tone Stuvrud 1 år

Valgkomite: Gunvor Prestårhushus 2 år

Audun Darrud 1 år

Ingebjørg Bjørnstad 1 år

Revisor: Gunvor Prestårhushus 2 år

### 7. Avslutning

Svein Bakkalia takka Audun Darrud for innsatsen i styret med blomster. Han takka for seg og roste historielaget for eit viktig arbeid for hjartdalsbygdene.

Gunvald Tho og Torkjell Sletta var ikkje til stades, men blei takka for innsatsen med blomster som blei oversendt.

Etter årsmøtesakene var undagjort, var det matpause med servering av kaffi, brus, snitter og kake.

Etter pauza var det foredrag ved Anette Hagen og temaet var Brev

frå bonde og stortingsmann Gunleik Bolkesjå.

Gunleik Bolkesjå var frå Uppigard Bolkesjø der det var både skyssstasjon og gjestgjevard. Han blei rekna for å vera eit "flogvet" og han var skrivekyndig og hjelpte folk i bygda med skrivarbeid.

I 1814 var han valgmann for Hjartdal prestegjeld saman med presten Johannes Henrik Lind.

Gunleik Bolkesjå møtte som stortingsmann for Bratsberg Amt i 1827, og til det overordentlege storting i 1828, 1833 og 1839.

Han blei valgt til ordførar i Hjartdal herad i 1838 og slutta i kommunalt arbeide i 1841, da var han 64 år gammal.

Foredagshaldaren hadde fått tilgang til 4 brev som Gunleik skreiv heim til kona i året 1839. Desse var skrivne med gotisk skrift og sikkert ikkje lett å tolke. Breva inneheldt for det meste daglegdagse problemstillingar som helse, gardsdrift og vær, økonomi,



Etter foredraget overrakte Svein Bakka blomster til Anette Hagen og takka for eit interessant foredrag.

---

heimlengt og litt om politikk og stortingsliv.

Etter foredraget overrakte Svein Bakka blomster til Anette Hagen og takka for eit interessant foredrag. Han takka til slutt alle for frammøtet og ønskte alle vel heim.

*Torkjell Tjønn  
referent*



# Årsmelding for Hjartdal historielag 2021

## Styret 2021

Svein Bakkalia	leiar
Torkjell Tjønn	nestleiar og sekretær
Audun Darrud	styremedlem
Gunvald Tho	styremedlem
Audun Solberg	styremedlem
Ingunn Hovde	styremedlem (valgt på årsmøtet, men trakk seg like etter)
Torkild H Mosebø	1. varamedlem og kasserar
Atle Våle	2.varamedlem

Valgkomite: Torgunn Opsal, Tone Stuvrud og Ingebjørg Bjørnstad.

Revisor: Torkjell Sletta.

Styret har hatt 5 styremøte sidan siste årsmøte i juni 2021. Eit av varamedlemmane har møtt på styremøta.

Dette er like mange styremøte som førre året, men færre samanlikna med 2019 og åra før.

Vi har hatt 236 medlemmar inkludert 3 æresmedlemmar i 2020. Dette er 19 fleire enn fjoråret. Vi har fått 25 nye medlemmar.

Kontingensten var uendra på kr 300,- inkl. gratis bok, Me bur uppå ein plass -Husmannsplassane i Tuddal.

Rekneskapen er avslutta og revidert pr 31.12.21 med ei omsetning på kr 224 849,08 og eit overskot på kr 54 515,06. Behaldninga er på kr 339 440,42 pluss kr 107 111,05 i tre særrekneskap.

## Koronapandemien og historielaget

Året 2021 har som i 2020 vore sterkt påverka av koronapandemien som også dette året har sett ein effektiv stoppar for turar, arrangement og foredragskveldar. Årsmøtet måtte haldast seint på året, styret har hatt færre møte og tilbodet til medlemmane og publikum har ikkje vore like godt som vanleg.

Vi har likevel fått gjort mykje. Vi har fått ut Hjartdalskalenderen og husmannsplassbok for Tuddal i halvåret etter årsmøtet. Historielaget har tre representantar med i den kommunale arbeidsgruppa for kulturminneplanen og det lokalhistoriske arkivarbeidet har halde fram i ei nyorganisert arkivgruppe.

Dette er vi godt fornøgd med trass i pandemi og slik årsmeldinga gjer nærmare greie for.

## Møter og arrangement

Årsmøtet blei halde på Menighetshuset i Sauland tysdag 22. juni med 16 medlemmar tilstades. Vi gjennomførte årsmøtet seint på året og utan det tradisjonelle foredraget etterpå på grunn av koronapandemien.

Årsmelding og rekneskap med budsjett blei gjennomgått og godkjent.

Valgkomiteens innstilling blei lagt fram av Tone Stuvrud.

Leiar Svein Bakkalia var på valg saman med styremedlemmane Torgunn Opsal og Torkjell Tjønn samt varamedlem Torkild H Mosebø og Tone Stuvrud og Ingebjørg Bjørnstad i valgkomiteen.

Svein Bakkalia blei attvalgt som leiar. Torkjell Tjønn, Torkild H Mosebø, Tone Stuvrud og Ingebjørg Bjørnstad blei også attvalgt. Torgunn Opsal hadde fråsagt seg attvalg. Nytt styremedlem blei Ingunn Hovde. Styremedlem Gunvor Prestårhus og Dag Krokaa i valgkomiteen hadde bedt seg fritatt. Gunvald Tho blei valgt som nytt styremedlem og Torgunn Opsal som medlem av valgkomiteen. Begge blei valgt for 1 år.

Leiar blir valgt av årsmøtet elles konstituerer styret seg sjølv.

Leiar takka Torgunn Opsal og Gunvor Prestårhus med blomster for innsatsen.

Gunvor Prestårhus hadde vore med i styret sidan 2015 og Torgunn Opsal frå 2012. Torgunn har vore nestleiar, sekretær og medlem av årbokkomiteen i mange år.

Dag Krokaa var ikkje til stades, men blei takka og tilsendt blomster.

Om lag 55 personar var møtt fram på Fossehalli i Tuddal på historielagets lansering av boka, *Me bur uppå ein plass – Husmannsplassane i Tuddal*, tysdag kveld 5. oktober.

Forfattarane Torkjell Tjønn og Audun Solberg har registrert om lag 100 husmannsplassar i Tuddal. Leif Skoje har stått for utforming av boka der kvar plass har fått ein eigen omtale. Saman med bildematriale og kart har boka blitt ein viktig dokumentasjon om husmannvesenet i bygda.

Forfattarane viste lysbilder og fortalte om husmannsvesenet og om plassane i Tuddal.

Svein Bakkalia leia møtet, Nils Bondal spela fele og Steinar Hovde las dikt. Alt i alt ein fin kveld for historielaget.

Telen hadde eit stort oppslag i forkant og alle medlemmane fekk boka gratis. Opplaget på 400 er nå utselt.

Vi har søkt Hjartdal kommune og Hjartdalbanken om økonomisk støtte og fått kr 15 000 av kommunen.

Førjulskvelden med julemat på Tuddal høyfjellshotell har vore ein fin tradisjon i samarbeid med Kjæringkveldane i Tuddal. Dette blei det ikkje noko av i koronaåret 2020 og heller ikkje i 2021. Årsaken til dette er pandemien i tillegg til at prisen på arrangementet har gått betrakteleg opp og dessverre gjort det mindre aktuelt.

Dei åpne møta på biblioteket som var planlagt annankvar månad i staden for dei faste onsdagskveldane, har det enda ikkje blitt noko av på grunn av pandemien, men er planlagt tatt opp att denne vinteren.

Bygdedagane i Tuddal og Sauland og Slåttefestivalen i Hjartdal blei heller ikkje avvikla i 2021.

## Årboka, Hjartdalskalenderen 2021 og Kontaktbladet

Bokkomite har som tidlegare vore Svein Bakkalia, Torgunn Opsal, Leif Skoje og Torkjell Tjønn. Det blir heretter ikkje gjeve ut årbok kvart år, men tilpassa produksjonen av andre bøker. Vi har ikkje kapasitet til meir enn ei bok i året. I 2021 kom husmannsplassboka for Tuddal og i 2022 kjem boka for Hjartdal. Planen er å gje ut ei lokalhistorisk bok i 2023 etter same lest som årboka.

Den siste årboka som kom ut i 2020 var den tiande årboka og har alltid vore gratis for medlemmar. Prisen på kr 200 i utsalg har vore uendra i alle dei ti åra og opplaget var sist på 400 bøker. I alt 43 personar har skrive i årbøkene og vi reknar om lag 20 personar i ein slags forfattarpool og som truleg vil kunne skrive fleire artiklar seinare. Årbøkene har vore viktige i historielagets arbeid med lokalhistorie, og har fått svært gode tilbakemeldingar.

Kalenderkomite for Hjartdalskalenderen 2022 har vore Kjetil Frøland, Ivar T Dahl, Tone Stuvrud, Tor Djupedal, Kari Særslund, Leif Skoje og Svein Bakkalia. Audun Solberg er ikkje lenger med etter å ha vore med på 35 kalenderar heilt frå starten i Hjartdal mållag. Opplaget var i år på 550. Kalenderen er populær og går med eit bra overskot. Montessori skulane i Tuddal og Hjartdal og Barneospelen i Sauland hadde også dette året ansvar for dørsalget. I Tuddal blei salget organisert ved å dele ut bestillingslappar i postkassene. Alle tre bygdene hadde bra salg. Elles blei kalenderen lagt ut for salg i butikkane og i bokhandelen på Tuven. Provisjonen var kr 30 pr kalender og utsalgsprisen kr 100.

Kontaktblad for Hjartdal historielag nr.52 blei delt ut til alle hustandar i kommunen i juni, saman med innbetalingsblankett for medlemskontingenenten. Bladet var i fargar

og på 12 sider. Innhaldet var m.a. litt om husmannsplassboka for Tuddal, ein artikkel om kulturmiljøplanen for Hjartdal, stoff frå avisene for 100 år sida og ein avisartikkel frå 1929 om ein av datidas eldste, Olav Brekka frå Sauland. Leif Skoje gjorde som vanleg eit utsøkt arbeid med utforminga av bladet.

### Kulturminna

Planprogrammet for kulturmiljøplan for Hjartdal kommune blei lagt ut til høyring midt i februar og endeleg vedtatt i kommunestyret i mai 2021. Kommunen har søkt og fått kr 100 000 frå Riksantikvaren til dette.

Historielaget har tre deltagarar i arbeidsgruppa, Ingunn Hovde, Audun Solberg og Svein Bakkalia. Arbeidsgruppa har foreløpig hatt 2 møter, eit oppstartsmøte 6. juni og eit oppfølgingsmøte 26. august. Vi har tatt på oss ansvaret for kapitelet om ferdsselsvegar i planen. Kulturmiljøplanen er planlagt ferdig våren 2022.

### Bevaring av stulane i Ståldalen

Hausten 2021 deltok Svein Bakkalia på ei synfaring av stulsmiljøet i Ståldalen i Hjartdal. Historielaget hadde i forkant mottatt ein forespørsel om vi kunne ta eit initiativ for å bevare dette heilt spesielle stulsmiljøet som var i ferd med å forfalle.

Tore Gunnar Bratsberg har i ettertid foretatt ei tilstandsvurdering med eit kostnadsoverslag. Det er meininga at arbeidet skal videreførast i ei prosjektgruppe for å få reist økonomiske midlar til restaurering.

### Kulturminnefondet

Frist for søknadar til Kulturminnefondet i år er 1.juni. Annonse blir sett inn i Bygdeblaðet tidleg i april. Hittil har det kome inn ein søknad frå ei foreløpig prosjektgruppe for bevaring av stulsbuene i Ståldalen på kr 10 000. Beløpet var til dekning av utført tilstandsrapport med kostnadsoverslag for 11 sel. Søknaden blei innvilga på siste styremøte før årsmøtet. Fondets saldo er nå kr 52 486,06.

### Registrering av gamle búplassar

Boka om husmannsplassane i Sauland kom ut i 2019 og sist haust 2021 kom boka om plassane i Tuddal med Torkjell Tjønn og Audun Solberg som forfattarar. Audun Solberg har fortsatt med registreringsarbeidet i Hjartdal og dette arbeidet er alt nå iferd med å bli sluttført. Han har på nytt lagt ned eit omfattande registreringsarbeid, denne gong av dei rundt 170 plassane i hjartdalsbygda. Den 3. og siste boka om husmannsplassane i Hjartdal kjem ut til hausten.

### Lokalhistorisk arkiv.

Arkivet er planlagt med eit dokumentarkiv, eit fotoarkiv, eit lyd- og filmarkiv pluss ei boksamling. Oversikten over materialet i arkivet vil bli digitalisert. Arkivgruppa er nyorganisert med 5 faste personar som nå er godt i gang med grovsortering.

### Mølla-ny bruk

Frøydis H Skoje og Geir J Hagen held fram som historielagets representantar i styret for stiftinga Mølla-ny bruk for perioden 2021-2022. Erling Wang er kommunens representant. Stiftingas årsmelding og rekneskap for 2020 er behandla i styret som har tatt desse til orientering.

Kommunestyret vedtok i desember 2019 å løye pengar over ein toårsperiode til eit prosjekt leia av NIA, der framtida til mølla skal utgreia. Avtale mellom kommunen, NIA og Mølla-ny bruk blei underskrive i juni 2020. Dette arbeidet er nå i gang.

### Andre saker

#### – Økonomisk støtte

Historielaget har fått kulturmiddlar på kr 4000 frå Hjartdal kommune mot kr 5000 førre året. Etter avslag i 2019 fekk vi støtte frå Hjartalbanken i 2020. I år fekk vi nok ein gong avslag frå banken.

#### – Sosiale medier

Vi har ei fast nettside med informasjon om historielaget. I tillegg legg vi ut bilde og meldingar om arrangement og informasjon om bøkene og Hjartdalska-

lenderen på sidene våre på facebook. Det er stor interesse og stadig folk innom.

– Flytting til nye lokaler

Biblioteket og ungdomsklubben har bytta lokaler på Saulandtunet. Dette har ført til at historielaget måtte flytte og har fått nye lokaler i 2. etg over det nye

biblioteket. Her har vi fått større plass både til våre eigne saker og til ei utviding av lokalhistorisk arkiv. Dette er vi godt fornøgd med.

Styret i Hjartdal historielag

Svein Bakkalia

*leiar*

## Kontingent 2022

Som vi har gjort nokre gonger tidlegare, sender vi ut kontaktbladet til alle husstandar i kommunen denne gongen. Vi ser gjerne at så mange som mulig støttar laget med å betale kontingent. Dette er utan forpliktelsar, og ein mottar boka som er omtala på side 2 i bladet.


Medlemskontingen ten er 300 kroner. Historielaget vil halde fram med rimelege arrangement og bokutgjevingar.

Vi ser gjerne at de hjelper til med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familie og kjenningar utanbygds!

## Facebook og datahjelp

Vi minner om historielagets facebookside: [facebook.com/hjartdalhistorielag](https://www.facebook.com/hjartdalhistorielag)  
Her kan du finne bilde, arrangementsmeldingar og innlegg av mange slag.

Ofte viser vi til interessant stoff på internett. Vi veit sjølvsagt at ikkje alle er i stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje venner og kjente om hjelp. Ein kan også kontakte frivillighetssentralen om hjelp til dette.



## HJARTDAL HISTORIELAG

*Leiar: Svein Bakkalia, Eikeskartunet 9, 3684 Notodden  
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no*

*Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje  
Tlf.: 48237883 skoje@online.no  
<http://www.hjartdalhistorielag.no>  
Hjartdalbanken 2699 07 04332*

*Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*